



**Notat**

Dato: 14.04.2016  
Arkivsak: 2016/1829-2  
Saksbehandlar: biraase

---

Til: Sekretariatet for kontrollutval

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Rettstvistar i Hordaland fylkeskommune pr april 2016

Fylkesrådmannen skal framlegge halvårlege statusrapportar om rettstvistar for kontrollutvalet.  
I det følgjande blir det redegjort for status pr april 2016:

Rettstvistar ferjesamband:

- Norled vs staten v/Samferdselsdepartement, Rogaland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Nord-Trøndelag fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune. Gjeld krav om kompensasjon i høve anbodskontraktar for ferjesamband. Kravet er knytt til ulike endringar i rabattsatsane for ferjereisande som myndigkeitene vedtok i perioden frå 1. mai 2006 til 1. februar 2010. Regjeringsadvokaten prosederer saka på vegne av alle saksøkte
- Dom i saka Stavanger tingrett 21.05.14: Hordaland fylkeskommune frikjent
- Norled har anka. Saka kjem opp i Gulatings lagmannsrett 02.11.2015
- Hordaland fylkeskommune vart frikjent i lagmannsretten. Dommen er rettskraftig

Rettstvistar drosjeforvaltning:

- Sak om inndraging av 8 drosjeløyve -> sak om oppsetjande verknad; løyvehavarane får køyra inntil saka kjem opp for Bergen Tingrett februar 2016
- Motparten trekte saka etter ein dag i retten. Det kom til eit rettsforlik og løyva er innleverte

Rettstvistar fylkesvegar:

- Sluttoppgjør for fv 49 Norheimsund - Vikøy: Entreprenør Oppedal Drift as - krav 12 MNOK + renter. Dom avsagt 22. 04.2015, der SVV fikk medhald inkl sakkostnader. Dommen er anka og såleis ikkje rettskraftig
- Medhald i lagmannsretten på ankebehandlinga på Sluttoppgjør for fv 49 Norheimsund – Vikøy. Dommen er p.t. ikkje rettskraftig (ankefrist 20.04.016)

Rettstvistar eigedom:

- Sak mot KHR (arkitekt) er beramma til 04.04.2016 – Bergen Tingretts sak 13-209800TVI-BBYR/03  
Vår påstand i denne saka er at KHR vert dømd til å betale totalt kr. 51.380.000.- med tillegg for forseinkingsrenter.  
KHR har fremma eit motkrav på ca. kr. 25.000.000.-  
Vi har imidlertid framsett fleire forlikstilbud ovenfor KHR uten at desse har akseptert dette.  
Vår prosessfullmektig er Advokatfirmaet Thommessens AS v/ adv. Svein Åge Valen

- Voldgiftssak mot JH Nævdal (innreiingsarbeid) er ikkje berammet enno og stevning ifrå Nævdal er ikkje mottatt. Det pågår no avklaringar av kven som skal oppnemnast som dommarar til voldgiftsretten.

Vi har fremsatt fleire forlikstilbud ovenfor JHN utan at JH Nævdal har akseptert dette.

Saka dreier seg om eit dagmulktskrav frå byggherrene på totalt ca. 16,3 mill. JH Nævdal bestriðer at vi har rett til å krevje dette.

Vår prosessfullmektig er Advokatfirmaet Thommessens AS v/ adv. Svein Åge Valen

- Når det gjeld Bergen kommune sitt søksmål mot Hordaland fylkeskommune vedr. den såkalte «Angeravtalen», startar hovedforhandling i saka den 3. oktober 2016. Bergen tingretts sak 15-106592TVI-BRYR/02.

Kommunen har i stevninga krevd

1. Vederlagsfri tilbakeføring av eiendomsretten og overskjøting av skuleeigedommane Margaretastedet 2 (gnr. 165 bnr. 461 i Bergen), Haugeveien 28 (gnr. 165 bnr. 441 i Bergen) og Kalfarvei 2 (gnr. 165 bnr. 1115 i Bergen).
2. Krav om dom for at kommunen er eigar av ein eigarandel på 2/5 av følgjande eigedommar som tidlegare var eigd av stiftinga Vestlandsheimen: gnr. 199 bnr. 128, gnr. 199 bnr. 208 og gnr. 170 bnr. 17 i Bergen kommune.
3. Krav om erstatning med kr. 39.196.150,- samt forseinkingsrenter frå 31.07.2015. Kravet gjeld andel av salgssummen for solgte eigedommar tilknytta Vestlandsheimen.

Det er ikkje gjort nokon verdiberekning av eigedommane i punkt 1 og 2.

Hordaland fylkeskommune har bestriðt samtlege av dei framsette krav og krevd seg tilkjent saksomkostningar.

Vår prosessfullmektig er Advokatfirmaet Thommessens AS v/advokat (H) Kenneth Steffensen.

#### Rettstvistar Bybanen Utbygging:

- Har nylig fått eit krav om behandling av ei sak i voldgiftsretten. Dette gjeld grunnentreprise C14 Flesland der Skanska ikkje har godtatt ei av våre innseiingar i sluttoppgjeret. Saka omhandlar retten til å ilegge entreprenøren gebyr ved utskiftning av prosjektleiar medan entreprisen pågår. I høve kontrakt skal eventuelle tvistar løysast av ein voldgiftsrett. Partane vurderer pr. dags dato om det er meir hensiktsmessig å ta saka inn for dei ordinære domstolar. Det er forventa at partene blir samde innan utgangen av april om kva type domstol saken skal behandlast i.
- I samband med med byggetrinn III frå Lagunen til Flesland ligg det føre uavklarte krav frå entreprenørane i fleire av entreprisane. Det er for tidleg å konkludere eller gje skjønnsmessige vurderingar av kva for moglege økonomiske forpliktingar dette kan resultere i for Hordaland fylkeskommune. Det er og varsle krav mot og motteke varsel om tilleggsvederlag frå det irlske selskapet som har hatt prosjekteringskontrakten på byggetrinn III. Det er for tidleg å gje nokon konkret vurdering av kva fylkeskommunen si sannsynlege nettoeksponeering vil vere.

#### Rettstvistar HR:

- Personalsak – rettsforlik inngått januar 2015. Motpart har i ettertid saksøkt fylkeskommunen og saka er under førebuing for handsaming i Bergen tingrett.
- Personalsak – Overtalig tilsett vart sagt opp 2012. Fylkeskommunen vart saksøkt med påstand om usakleg oppseiing. Fylkeskommunen fekk medhald i tingretten. Saka er anka vidare til lagmannsretten for handsaming hausten 2016.
- Personalsak – Den tilsette saksøkte fylkeskommunen etter partiell oppseiing. Fylkeskommunen fekk medhald. Sak avslutta mars 2016.

- Personalsak – Sak var under førebuing for handsaming i Bergen tingrett, men vart avslutta gjennom utenomrettsleg forlik februar 2016.
- Personalsak – Oppseiing i prøvetid, Fylkeskommunen fekk medhald både i tingretten og lagmannsretten. Sak avslutta i februar 2016.

Rettstvistar økonomi:

- Spørsmål om forståinga av force majeur i konsesjonskraftsamanhang
- Saksøkar Hordaland fylkeskommune/ Rogaland fylkeskommune
- Saksköt Røldal-Suldal Kraft AS/ Hydro Energi AS
- Saksøkte fekk medhald i tingretten og i lagmannsretten. Saka vil bli søkt anka inn for Högsterett.
- Anken til Högsterett vart sendt 25 september 2015 og Högsterett sitt ankeutval fatta vedtak 26. november 2016 og at anken kunne fremjast.
- Anken retter seg mot korleis lagmannsretten har nytta lovverket. Dei bevis som er ført for lagmannsretten har ikkje fylkeskommunane noko å innvenda mot. Partane i saka er hovudsakleg samd om faktum slik saka ligge føre før handsaming i Högsterett.
- Konsesjonsvilkåra og nyttингa av desse er det sentrale elementet i saka. Konsesjonskraft er omtala i punkt 15 i konsesjonsvilkåra til erverv og regulering i Røldal-Suldal vassdraget av 21. desember 1962.
- Saka kjem opp for handsaming i Högsterett 10. – 12. mai 2016.